



Informasjon til nye foreldre i barnehagar i Høyanger kommune



Velkomne til barnehagen, både barn og foreldre!

I tida som kjem vil vi i barnehagen bruke mykje tid saman med barnet ditt. Vi ønskjer å ta vare på barnet på best mogeleg måte, forstå det og bidra til trivsel, tryggleik og utvikling.

Difor ønskjer vi informasjon om barnet og familien som kan hjelpe oss til dette, og samarbeid med dykk som foreldre kan gje oss eit best mogeleg utgangspunkt for å møte barnet på sine behov.

I ein oppstartsamtale ønskjer vi å snakke med dykk om kva barnehagen kan tilby, men også om kva barnet har opplevd så langt i livet. Vi ønskjer gjerne å vite kva som gjer barnet ditt glad og kva som gjer barnet ditt lei seg. Det kan også vere viktig for oss å spørje om ressursar og belastningar i familien, og om det er spesielle ting vi i barnehagen kan gjere for å legge til rette dersom barn eller foreldre har særskilte behov.

De bestemmer sjølv kva de vil dele med oss, men vi ønskjer mellom anna å spørje om oppdraging, psykisk helse og bruk av rusmiddel m.m. Nokre av spørsmåla kan kanskje vere ubehagelege, men her i barnehagen stiller vi alle foreldre desse spørsmåla til det beste for barnet for å kunne gje det rett oppfølging ut frå barnet og foreldra sine føresetnader.

Samtalen vil også vere eit høve for dykk til å gje oss tilbakemeldingar på korleis de har opplevd det første møtet med barnehagen, og de kan stille spørsmål om ting de lurer på eller er usikker i forhold til.

Samtalen vil finne stad i forkant av oppstart eller i løpet av den første tida barnet har starta i barnehagen. De vil få nærmere melding om tidspunkt for samtalens. Har de spørsmål i forkant av samtalens er de velkomne til å ta kontakt.

Med venleg helsing

barnehage

....., styrar